



Hedalm Anebyhus AS
2344 ILSENG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/96 - 22/10705

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.02.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden om endring av bustad 4 - gbnr 195/235 Leiknes

Tiltak: bustad 4
Byggjestad: Gbnr: 195/235
Tiltakshavar: Fløssvika Utvikling AS
Ansvarleg søkjar: Hedalm Anebyhus AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endring av gitt løyve til oppføring av bustad 4 på gbnr 195/235 den 06.01.2022. Det er opplyst i søknaden at endringa gjeld mindre endring av fasade mot nordaust og nordvest.

Vi har prøvd å ringa dykk for avklaring i saka, men forstår at skriftleg kontakt høver betre.

Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og har følgjande merknadar:

Det er uklart kva omsøkt endring omfattar. Det er send inn teikningar merka Luna 3 og Luna 4 både ved innsending av opprinnleg søknad og ved innsending av oppdatert søknad om endring, men ingen av planteikningane stemmer med godkjende teikningar, jf. gitt løyve datert 06.07.2018. Vi viser her til vårt skriv datert 04.12.2019 der vi opplyser om at godkjende planteikningar ikkje stemmer med verken godkjend situasjonsplan eller fasadeteikningar. Avviket vart oppdaga ved registrering av godkjend bygg i kommunen sitt kartgrunnlag. Vi kan ikkje sjå å ha fått tilbakemelding på vår førespurnad. Tidlegare utsend brev med vedlegg følgjer vedlagt.

Før kommunen kan ta søknaden til behandling må det gjerast greie for avviket mellom planteikningar og fasadeteikningar/situasjonsplan i gitt løyve datert 06.07.2018. Dersom fasadeteikningane er riktig og planteikningane er feil må dette rettast. Det må sendast inn oppdaterte teikningar som samsvarar med godkjende fasadeteikningar og teikningar over planlagt endring av fasade. Det må gå tydeleg fram av teikningane kva endringa omfattar, og gjerne leggjast ved ei kort skildring av endringa.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 15.03.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi frå sak 18/1111. Om teikningar for bustad 4 - gbnr 195/235 Leiknes

D - Situasjonsplan

E - Plan underetasje

E - Plan 1. etasje

E - Fasade 1 og 2

E - Fasade 3 og 4

Kopi til:

Fløssvika Utvikling AS

Alvervegen 25

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Hedalm Anebyhus AS

2344

ILSENG